



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Naturutvalet

**Møtedato:** 29.05.2018

**Møtetid:** Kl. 15:00 - 17:30

**Møtestad:** Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Vidar Tveiterås	A
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Martin Haugen	BL
Karl Bård Kollbotn	FRP
Sture Tveit	H
Jon Magne Bøgevik	UAVH

Desse medlemene møtte ikke:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Gunn Totland Moss	KRF	Kristian Jørgensen	KRF
Anja Marken	MDG	Gunn Østvik Petersen	A
Ingvild Raftevoll Bøgevik	FRP	Ingen	

<b>Møteleiar:</b>	Karl Bård Kollbotn
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 04.06.2018

---

Karl Bård Kollbotn  
Leiar av utvalet

---

Hilde-Lill Våge  
assisterande rådmann

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
005/2018	18/370	Faste saker	
006/2018	13/77	Endelig vedtak, kommuneplanen sin arealdel - Børdalen	
007/2018	18/298	Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Omsorgsbustad Skottabakken	

## **SAKNR. 005/2018: Faste saker**

### **29.05.2018 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Innkalling og saklista vart samråystes vedteke.

Prokollen vart samråystes godkjent.

### **NAT- 005/2018 Vedtak:**

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste:**

Ingen merknader

#### **Merknader til protokoll frå førre møte:**

Ingen Merknader

#### **Skriv og meldingar:**

Ass.rådmann orienterte;

- Parkeringsplanen – målet var å få den opp til dette møtet, men byggesøknader og sakshandsaming vedk Skottekken har måtte prioriterast.
- Miljø og forureining – kommunen har gjennomført ei opprydding av gamle bilvrak som er levert til opphogging. Ein person er anmeldt for ulovleg oppbevaring av biler og drift av forureinande næringsverksemd i bustadområde.
- Friområde – I badevika på Bjørkheim har kommune fått invilja søknad om at BOF tek over området og sikrar området som friområde. Det er planlagt å tilrettelegge badevika for rørslehemma med tilgang til sjø og toalett. Me har fått 532.000.kroner i statstilskot og vil søkje ytterlegare finansiering. Endeleg kostnadsoverslag og finansiering vert lagt fram i samband med budsjett for 2019.
- Industriområdet i Rolvsvåg - Vegen vert ferdigstilt no juni og gjev tilgang til næringsarealet i øvre del av området. Kommunen har fått selt ei av dei øvre tomtane for kr 416 537,-. Både næringsområdet og kommunen sine bustadtomtar vert no lagt ut på Finn for sal via meklar.
- Viltforvaltning - Naturutvalet har ansvar for kommunen si viltforvaltning. Samnanger har framleis skotpremie på rev og har fått melding frå lensmannen om å klippe klør. Dette er avvikla i dei fleste kommunar og administrasjonen har i dag ikkje mottak som kan gjennomføra dette. Ordninga verte lagt fram om eiga politisk sak til hausten.
- Overordna ROS-plan - Samnanger kommune har fått utsett frist til 1 januar 2019 til å lukke avvik om å lage overordna ROS-plan. Utsettinga skuldast mykje arbeid med kommuneplanen og etterslep på ei rekke oppgåver i samband med tidlegare vakanse i stillingar. Arbeidet med å lukke avviket vil ta ein del av ressursane på teknisk forvaltning i haust.
- Reguleringsplan Hagabotnane – Dokument vert lagt ut på Doffin der kommunen bestiller eit forprosjekt med 3 alternativ til vegløsing, med opsjon på regulering. Forprosjektet skal gje grunnlag for val av trase og kostnadsoversikt. Val av trase kjem opp seinast på naturutvalet i oktober.
- Status uttale E16 og FV7. – Uttalen vert sendt ut direkte til kommunestyremøtet den 14 juni. Administrasjonen har ikkje kapasitet til å den klar til utvalshandsaming i forkant. Innspel på frå politikarar/næringsforum kan sendast til planleggar innan 5 juni.

**Utvalet sitt kvarter:****Sture Tveit (H) stilte følgjande spørsmål:**

I Hagabakkane står ei gamal løe til nedfalls som kan vera farleg. Er det mogleg for kommunen å gje pålegg om sikring eller vedlikehald. Ass.rådmann orienterte om at saka vert meldt til teknisk forvaltning for oppfølging om pålegg.

Tveit ønskjer å starte drøftingar av kommunestyret sitt vedtak, der naturutvalet skal drøfte vegstrukturen og eigarskapet til vegr i Samnanger. Han bad om å få saka opp på neste naturutvalsmøte. Administrasjonen og leiar av utvalet følgjer opp dette.

Tveit ønskjer at utvalet får ei oversikt av delegerte vedtak. Med endeleg vedteken kommuneplan vert ei rekke tidlegare saker som utvalet har handsama vedteke på delegerte vedtak. Ei oversiktliste til utvalet kan gjera det enklare for politikarane å følgje med. Administrasjonen er i ferd med å digitalisere vedtak i kommunekart slik at innbyggjarane kan få innsyn. I tillegg vert detlagt opp til at naturutvalet få ei oversiktliste til neste møte.

**Vidar Tveiterås (Ap) stilte spørsmål** om kva sakshandsaming som er gjort og bør verte gjort ved flytting av ein bautastein på 10 meter frå Flesjande/kvernhusmarka?

Ordførar orienterte om at den skulle nyttast i eit kunstprosjekt av kunstnaren Landmark, og flyttast til Blia på Korsfjordneset og formidle livet og verdien til æra for havets folk.

Administrasjonen orienterte om at kunstnaren har spurt administrasjonen i kommunen og at me har gitt løyve til å flytte steinen. Me ser no under desse drøftingane at denne typen saker bør verte handsama i tråd med Kystsoneplanen.

Tveiterås ønska å få protokollert at han stiller seg kritisk til uttak av ein så stor stein og meiner at likande framtidige saker bør verte handsama av planmyndighetene.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**SAKNR. 006/2018: Endelig vedtak, kommuneplanen sin arealdel - Børдалen****29.05.2018 Naturutvalet:****Handsaming i møtet:**

Sture Tveit (H) bad om ei synfaring i Børдалen i samband med naturutvalet den 21 august.

Framlegget frå Rådmannen vart samrøystes vedteke.

**NAT- 006/2018 Vedtak:****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel: pbl. §§ 11-8, bokstav e og 11-9 nr. 1 , 3 og 8. vert følgjande endringar innarbeidd i omsynssone H810\_30 i kommuneplanen sin arealdel:

- *Det skal utførast rasanalyse for hele planområdet.*
- *Det kan tillatast at det plasserast sikringstiltak som ledevoll i sone H810\_30 nord for N07.*

- *Avrenning fra anlegget i anleggsfasen skal dokumenterast og konsekvensutgreiast. Det skal utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsarbeidet.*
- *Det kan tillatast å regulere inn ei bru som kryssar elva på inntil 11,5 meter breidde for vegtilkomst. Plassering og utforming skal gjerast slik at konsekvensane for vassdraget vert minst mogleg.*
- *Det han ikke tillatast tiltak i vasstrengen som til dømes uttak/ utslepp av vatn til vasskjøling.*

Administrasjonen innarbeider arealbruk, føresegner og planskildring i tråd med appendiks 5. Saken sendast til kommunestyret for endelig vedtak etter pbl. §11-15.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel: pbl. §§ 11-8, bokstav e og 11-9 nr. 1 , 3 og 8. vert følgjande endringar innarbeidd i omsynssone H810\_30 i kommuneplanen sin arealdel:

- *Det skal utførast rasanalyse for hele planområdet.*
- *Det kan tillatast at det plasserast sikringstiltak som ledevoll i sone H810\_30 nord for N07.*
- *Avrenning fra anlegget i anleggsfasen skal dokumenterast og konsekvensutgreiast. Det skal utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsarbeidet.*
- *Det kan tillatast å regulere inn ei bru som kryssar elva på inntil 11,5 meter breidde for vegtilkomst. Plassering og utforming skal gjerast slik at konsekvensane for vassdraget vert minst mogleg.*
- *Det han ikke tillatast tiltak i vasstrengen som til dømes uttak/ utslepp av vatn til vasskjøling.*

Administrasjonen innarbeider arealbruk, føresegner og planskildring i tråd med appendiks 5. Saken sendast til kommunestyret for endelig vedtak etter pbl. §11-15.

## **SAKNR. 007/2018: Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Omsorgsbustad Skottabakken**

**29.05.2018 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Naturutvalet gjennomførte ei synfaring på Skottabekken før saka vart handsama. Oppmålar Knut Hellevik, Byggsakshandsamar Nina Fredriksen, Planleggar Roald Aandahl og ass.rådmann Hilde-Lill Våge deltok på synfaring.

Karl Kolbotn (Frp) orienterte om sørpeskred som er gått i området, og sender over til administrasjonen dokumentasjon på dette.

Karl Kolbotn sette fram alternativ framlegg til vedtak:"

1. Med heimel i pbl § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegn 15.5- Grad av utnytting. Det tillatast ein utnytting på inntil 40% av tomt gnr/bnr 18/11.
2. Med heimel i pbl § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresg 1.3- Krav om reguleringsplan. Det tillatast oppføring av 7 nye einingar utan reguleringsplan.
3. Med heimel i pbl § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegn 7.2- Byggjegrense mot kommunal veg. Byggjegrense mot veg vert sett til 2 meter frå vegkant.
4. Adminisnrasjonen sender søknad om dispensasjon til uttale til fylkesmannen når tiltrekkeleg dokumentasjon ligg føre med om syn på flaumfare.

Dispensasjonene kan gis på følgjande vilkår:

- Det skal utarbeidast ROS-analyse for Skottebakken.
- Det skal gjennomførast geotekniske undersøkingar i det aktuelle området.
- Det skal ikkje startast arbeid på tomta før det er gjennomført Ros-analyse og geotekniske undersøkingar."

Det vart røysta altenativt over rådmannen sitt framlegg siste ledd og Kolboten sitt framlegg punkt 4.

Rådmannen sitt framlegg siste ledd	Kolbotn (Frp) sitt framlegg pkt 4
Jon Magne Bøgevik (uavh)	Karl Kolbotn (Frp)
Gunn Petersen (Ap)	
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Vidar Tveterås (Ap)	
Sture Tveit (H)	
Kristian Jørgensen (Sp)	

Rådmannen si tilråding vart vedteke med 7 røyster, mot at Kolbotnen (Frp) sitt framlegg fekk 1 røyst.

**NAT- 007/2018 Vedtak:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Med heimel i pbl. § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegn 15.5 – Grad av utnytting. Det tillatast ein utnytting på inntil 40% av tomt gnr/bnr. 18/11.
2. Med heimel i pbl. § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegn 1.3 – Krav om reguleringsplan. Det kan tillatast oppføring av 7 nye einingar utan reguleringsplan.

3. Med heimel i pbl. § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegns  
7.2 – Byggjegrense mot kommunal veg. Byggjegrense mot veg vert sett til 2 meter frå  
vegkant.
4. Administrasjonen sender søknad om dispensasjon til uttale til fylkesmannen når tilstrekkelig  
dokumentasjon ligg føre med omsyn til flaumfare. Dispensasjon kan gis delegert på følgjande  
vilkår:  
- Det skal setjast av ein sone på minst ein meter til bekken.  
- Det skal ikkje utførast tiltak i vasstrengen.  
- Planeringshøgda må setjast tilstrekkelig til at det ikkje er risiko for flaum.

Det vurderast at fordelane med dispensasjon frå føresegna i kommuneplanen sin arealdel er større enn samfunnet sin ulempe. Alle punkta det dispenserast frå er høve som normalt ville vore tatt stilling til i ein reguleringsplan. Likevel vurderast det at utarbeiding av reguleringsplan for denne einskilde tomta ikkje ville ført til vesentlig auka kvalitet, og ville forsinka utbygginga. Formålet ved føresegna vert ikkje vesentleg sett til side når dispensasjonane vert gitt med dei omtalte vilkår.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i pbl. § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegns  
15.5 – Grad av utnytting. Det tillatast ein utnytting på inntil 40% av tomta gnr/bnr. 18/11.
- Med heimel i pbl. § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegns  
1.3 – Krav om reguleringsplan. Det kan tillatast oppføring av 7 nye einingar utan  
reguleringsplan.
- Med heimel i pbl. § 19.2 dispenserast det frå kommuneplanen sin arealdel føresegns  
7.2 – Byggjegrense mot kommunal veg. Byggjegrense mot veg vert sett til 2 meter frå  
vegkant.
- Administrasjonen sender søknad om dispensasjon til uttale til fylkesmannen når  
tilstrekkelig dokumentasjon ligg føre med omsyn til flaumfare. Dispensasjon kan gis  
delegert på følgjande vilkår:  
- Det skal setjast av ein sone på minst ein meter til bekken.  
- Det skal ikkje utførast tiltak i vasstrengen.  
- Planeringshøgda må setjast tilstrekkelig til at det ikkje er risiko for flaum.

Det vurderast at fordelane med dispensasjon frå føresegna i kommuneplanen sin arealdel er større enn samfunnet sin ulempe. Alle punkta det dispenserast frå er høve som normalt ville vore tatt stilling til i ein reguleringsplan. Likevel vurderast det at utarbeiding av reguleringsplan for denne einskilde tomta ikkje ville ført til vesentlig auka kvalitet, og ville forsinka utbygginga. Formålet ved føresegna vert ikkje vesentleg sett til side når dispensasjonane vert gitt med dei omtalte vilkår.

